



Kristina Velure og Geir Martin Kvamme frå Fiskeridirektoratet på veg ut frå Uskedalen til Skorpo-anlegget

**Både Sjøtroll Havbruk ved Skorpo og Eide Havbruk ved Snilstveitøy vart så hardt ramma av stormen Lena at det vart hol i merdene slik at mykje laks rømte. Førebels er det fanga 200 rømte fiskar, men det er for tidleg å seia noko om det totale omfanget då fisken er for stressa til å verta tald, I merden ved Skorpo var det 150 00 laksar med ein snittstorleik på 800 gram**

Det var ei rivne på mellom 3 og 4 meter i ein merd hos Sjøtroll. Det er funne rømt fisk både ved Varaldsøy og Onarheim melder Grenda.

Men ekspertane frå Fiskeridirektoratet trur ikkje oppdrettsfisken vert eit problem for villaksen fordi det er frisk fisk som ikkje er kjønnsmoden som har rømt.

Tekst og foto: Grenda og Ola Matti Mathisen  
 Nett: Ola Matti Mathisen